



Her kjem busslomma og arbeidet startar til veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no gjeve igangsetjingsløyve for den lenge etterlyste busslomma på Ljosnes. Det var opprinneleg planlagt 2 busslommar, men det vil berre bli laga ei - på nedsida av fylkesvegen. Tiltaket kan igangsetjast straks, heiter det i løyvet, men fullt så raskt vil det ikkje gå.

Gunnar Røseland Entreprenørforretning på Husnes har fått jobben med denne lomma og 2 på Husnes. I neste veke startar arbeidet med lomma på Ljosnes og så kjem Hsnes-lommene.

Asfalteringa av alle 3 vil så skje samla og lomma på Ljosnes vil vera klar til bruk i løpet av mai, opplysar entreprenøren til uskedalen.no